

**FISKERIDIREKTORATET**AVDELING FOR KVALITET, KONTROLL
OG REGIONAL FORVALTNING

Sakshandsamar, innvalstelefon

Lárus Thór Kristjánsson, 55 23 83 60

10.06.02

Dykkar dato

28.02.02

Vår dato Vår referanse

2002/6686

Dykkar referanse

2002-458-1 K/Thg/tla

Det Kongelige Miljøverndepartement
Postboks 8013, Dep.

0030 OSLO

**FRÅSEGN TIL NOU 2002:1 "FORTID FORMER FRAMTID -
UTFORDRINGER I EN NY KULTURMINNEPOLITIKK"**

Vi syner til tidlegare korrespondanse om saka.

Vi har i sakshandsaminga bedt om fråsegn frå sentrale avdelingar i Fiskeridirektoratet og frå våre regionar langs kysten.

Vi har granska utgreiinga og meiner den i hovudsak er eit godt dokument som på mange område kan vere eit utgangspunkt for framtidig organisering av forvaltinga av kulturminner i Noreg.

Merknader til utreiinga

Når det gjeld fiskeriforvaltinga sitt fagområde er det i hovudsak fartyvern, marin arkeologi og vern av hamner og fiskeribbygg som vert omfatta av nemnte utgreiing.

Vi vil i dette brevet fokusere på ovannemnde fagfelt med omsyn til korleis ein best tek vare på kystkulturen i Noreg. Utan i for stor grad å hemme næringsutviklinga innanfor fiskeri-, tang og tare- og havbruksnæringa.

Kapitel 3.4 tek føre seg trongen for fornying av kulturminnepolitikken. I underkapitel "Bedre vern og formidling av kystens kulturhistorie" tek ein føre seg fiskerinæringa og vern av kystkulturen. I kapitelet peikar ein på at kystsonen er eit særskilt område kor ulike interesser deltek i kampen om bruken av areala. For å tryggje at kystkulturen vert minst mogleg skadelidande rår utvalet til at det vert utarbeidd eigen plan for forvalting og formidling av det kulturelle mangfaldet i kystsonen. Slik plan skal ta omsyn til og knyte saman kulturelle fagområde på/i hav og på land. Planen skal også ta omsyn til marine verneplanar og tradisjonelt naturvern.

Vi kan stø dette med dei merknader at her må ein ta omsyn til eksisterande næringar og deira trong for utvikling.

I arbeidet med slik plan må ein trekkje inn fiskeri- og hamneforvaltinga samt næringane sine representantar for å oppnå best mogleg samanheng mellom notid og fortid. Slik framgangsmåte, kan også tryggje brei støtte frå ålmenta, noko som er naudsynt for god og funksjonell plan for å betre vern av kulturminne i framtida.

I same kapitel tek ein føre seg fartyvern. Det er klårt at dette fagfeltet har vore lite prioritert gjennom tida. Vi merker oss at utvalet vil snu trenden med å leggje vekt på å utvikle sektorovergripande ansvar for området samt å sikre fartya si drift og samarbeid mellom dei ulike fartysentra i landet m.m.

Vi trur samarbeide mellom dei ulike aktørane i kystsonen om slike spørsmål er naudsynt for å få tilfredsstillande resultatar. I arbeidet må ein trekkje inn både næringa, relevante statsetatar samt innbyggjarane langs kysten. Berre slik kan ein auke forståinga for at farty er viktige kulturminner samt gjere vern av høgt verdsette objekt meir målretta enn i dag.

Vi vil også minne om at å eige/forvalte verna kulturminne ikkje skal medføre økonomisk belastning for eigarane. Å lide økonomisk tap p.g.a. vern er den sikre vegen til ansvarsfråskriving og øydelegging av dei freda gjenstandane over tid.

Vi saknar omtale om stoda i utøving av kystnæringane (fiskeri-, tang og tare- og havbruksnæringane) og eksisterande kulturminnelov og korleis utvalet ser føre seg framtida.

Paragraf 9 i kulturminnelova heimlar kulturminneforvaltinga å krevje gransking i område kor ein har planar om større tiltak som kan ha verknad på automatisk freda kulturminne og skipsfunn.

Om ein tolkar paragrafen på strengaste måte, medfører det særskild kostnadskrevjande gransking uavhengig av geografiske område eller tiltak i sjøområda. Då tek ein ikkje omsyn til om det er truleg at ein kan finne skipsvrak på botn eller ikkje. Ein må setje i gang gransking uansett.

Vi har informasjon om at slike krav har vore sett fram av kulturvernstyresmakta overfor tiltenkt arealutnytting i sjø. Her er det snakk om tang og tare- og havbruksverksemdar.

Vi er ikkje samde i slik tolking av nemnte paragraf. Vi tolkar det slik at det må vere indikasjon på at det kan finnast skipsvrak i områda for at nemnte paragraf skal kome til bruk. For streng tolking av lova, kan medføre redusert respekt for den hjå ålmenta og dermed skade riket sin kulturminneforvalting og å hindre sunn næringsutvikling.


No nyleg har Fiskeridirektoratet og Riksantikvaren oppretta samarbeide om etatane sine fagfelt i kystsona, kor desse og andre spørsmål vert drøfta. Slikt samarbeide kan verte fruktbart for næringane og kulturminnevernet langs med kysten.

Konklusjon


Vi rår Miljøverndepartementet til å ta med våre merknader i vidare sakshandsaming av utgreiinga. Som tidlegare nemnt, er det vår meining at samarbeide er nykjelen til godt resultat på fagfeltet. Slikt samarbeid om kulturminnevern må etablerast/organiserast mellom kysten sine innbyggjarar, dei lag som er opptekne av kystkulturen samt dei ulike etatar som i sitt virke er knytt til kysten på ein eller anna måte.

Dette er, etter vårt syn, den beste måten å forvalte og vidareformidle nasjonen sin kulturarv og kulturskattar som gjennom tida har vorte utvikla gjennom bruken av hav og kystnære område.

Med helsing



Aksel R. Eikemo
Avdelingsdirektør



Ragnar Sandbæk
Kontorsjef

Kopi til: Det Kongelige Fiskeridepartement

Kopi til:

Peter Gullestad
Ove Midttun
Administrasjonsavdelinga
Avdeling for fiske og fangst
Havbruksavdelinga
Informasjonsstabben
Regionane